

**Kjære lokallagsstyre**

Som post til leiar og nestleiar

Som e-post til styremedlemer vi har e-post-adr. til

Lokallagsbrev desember 2011Vår saksbehandler
Arnar Lyche/Arild Erlien/Atle Frantzen
71 20 28 90Vår dato
16. desember 2011
Deres dato
Vår referanse
Deres referanse**Fristar:**

- * **16. Jan:** Påmelding samling nye/unge bønder 28.-29.jan
- * **20. jan:** Frist lokallaga uttale Landbruksmeldinga
- * **20. jan:** Frist lokallaga forslag valnemnda
- * **8. febr:** Frist saker til fylkesårsmøtet
- * **20. febr:** Uttale jordbruksforhandlingane
- * **28. febr:** Påmeldingsfrist fylkesårsmøtet (Molde 9.-10.mars)
- * **15. april:** Påmelding Open Gard

Velkomen til nye leiarar og styremedlemer!

NB: Hvis det har vore skifte av leiar eller nestleiar som fylkeslaget enno ikkje har fått melding om, må du sørge for at ny leiar/nestleiar får dette lokallagsbrevet.

Samling for unge bønder – nye medlemer i Bondelaget 28. og 29. januar 2012

Møre og Romsdal Bondelag inviterer til samling for unge/nye bønder **laurdag 28. og søndag 29. januar på Rica Seilet Hotel i Molde.** Invitasjon vart sendt ut på e-post og brev til alle medlemer under 35 år i M&R Bondelag (ca. 430) i desember, og vert marknadsført elles på heimeside, Bondeblad-spalta og andre media. **Sjå vedlagte invitasjon.**

Samlinga har som målsetjing å gje nye/unge bønder ein god start i yrket og aktuell kunnskap om næringa. Det blir særleg sett fokus på saker og oppgåver som bør vera aktuelle for nye unge bønder. Gratis for medlemer i Norges Bondelag under 35 år. **Påmeldingsfrist innan 16. januar 2012.**

Uttale framfor Jordbruksforhandlingane - MERK frist fylkeslaget 20. februar

Studieheftet Jordbruksoppgjøret 2012 med aktuelle tema og spørsmål, samt følgebrev og informasjon om studiearbeidet, vart sendt direkte til leiaren frå Norges Bondelag i november.

Vi ber lokallaga om uttale minst kvart andre år.

Vedlagt styret i Møre og Romsdal Bondelag sitt første utkast til uttale framfor forhandlingane.

Lokallaga kan uttale seg til denne eller skrive ein heilt fri uttale.

Fylkesstyret i M&R Bondelag skal handsame sin uttale 6. mars.

Styret vurderer handsaming av enkeltsaker frå uttalen under fylkesårsmøtet 9. og 10. mars.

Alle uttaler blir kopiert og gjennomgått av fylkesstyret, og sendt vidare til Norges Bondelag.

Ved studiering: Husk å fylle ut og sende inn dei skjema som er vedlagt studieheftet slik at arbeidet i lokallaget vert registrert. Studieleiar i lokallaget har fått tilsendt dei skjema ein treng for registrering av studiearbeidet: delvis utfylt søknadsskjema B, kvittering for studiemateriell, søknadsskjema C for evt foredragshaldars reise samt innmeldingskort til bruk dersom det settes i gang meir enn ein studiering. Er ein 5 eller fleire, og har møter inkludert medlemsmøte med utgangspunkt i studieheftet på min 12 timar er det viktig å sluttmelde ringen. Norges Bondelag får da utbetalt tilskot til å dekke ein del av materiellkostnadene.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	Mobil:	E-postadresse
PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Fannestrandveien 63. Molde	71 20 28 90	41 41 88 71	More.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto:	8101.05.12891	Internet:
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:	8101.05. 91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

Vår dato
2011-12-16

Vår referanse

Varsel om fylkesårsmøte i M&R Bondelag 9.-10. mars 2012 i Molde

Årsmøtet vert halde på **Rica Seilet Hotel** i Molde fredag 9. mars frå ca. kl. 10.00 til laurdag 10. mars kl. 14.00. Det blir ei konferanse fredag som ein del av årsmøtet.

Innkallinga vert sendt ut rundt 1. februar og **påmeldingsfrist for utsendingane er 28. februar.**

Frist for å sende inn saker ein ønskjer å ta opp på årsmøtet er 8. februar (Fylkesstyret skal handsame innkomne saker på styremøte 16. februar). Årsmøtepapir, årsmelding, rekneskap m.a. går ut ca. 2. mars.

Utsendingar på fylkesårsmøtet er lokallagsleiar og ein utsending pr påbegynt nye 100 medlemmer. (101 medlemmer gir altså ein ekstra i tillegg til leiar eller leiar sin vara, osv.)

Val og valnemnda for fylkesårsmøtet 2012 – forslagsfrist 20 . januar

Valnemnda for fylkesårsmøtet 2012 blir innkalla til møte i månadsskiftet januar/februar.

Lokallaga sin frist for å kome med forslag på kandidatar overfor valnemnda er 20. januar. Vedlagt skjema for utfylling for framlegg på kandidatar.

Det skal veljast:

Leiar: På val Inge Martin Karlsvik, Eide
Nestleiar veljast kvart år: På val Birgit Oline Kjerstad, Haram
Styremedlem for 2 år : På val Anne Katrine Jensen, Gjemnes
Styremedlem for 2 år : På val Hans Frafjord, Vestnes

(Ikkje på val til styret i år er Birgit Oline Kjerstad, Haram og Arne Rekkedal, Ørsta)

1. vara for 1 år: På val Erik Olufsen, Aure
2. vara for 1 år: På val Petter Melchior, Norddal
3. vara for 1 år: På val Elling Kvammen, Fræna

Ordstyrar i årsmøtet 2013: På val Anne Saltrø Polden, Surnadal

Varaordstyrar i årsmøtet 2013: På val Arne Magnus Aasen, Tingvoll

I tillegg skal det veljast **utsendingar** til årsmøtet i Norges Bondelag for 2 år og medlemmer til **valnemnd**

Medlemmer i valnemnda for årsmøtet 2012 hadde møter under leiarmøtet 4. og 5. november, og drøfta prosedyre for arbeidet. Valnemnda ønskjer at det i år ikkje blir sendt ut melding til lokallaga på førehand om kven som har takka ja til attval eller ikkje.

Lokallaga skal på fritt grunnlag kome med framlegg på kandidatar utan å vite om kven som stiller til attval.

Valnemnda blir på denne måten ikkje bunde opp av svar/kunngjering av svar frå dei som er på val.

<u>Valnemnda 2012 består av:</u>	Ivar Aae , 6530 Averøy (Leiar)	Mob. 41 62 35 56
	Leif Inge Grebstad , 6230 Sykkylven (nestleiar)	Mob. 91 70 55 16
	Ola Steinsvik , 6120 Folkestad	Mob. 91 17 85 62
	Gunnbjørg Trondsen , 6443 Tornes	Mob. 97 10 26 01
	Olaug Kvendset , 6645 Todalen	Mob. 92 09 04 57

Vara i nr.-orden: 1) Jens Kristian Eikrem, Tingvoll, 2) Geir Hole, Ørsta, 3) Søren Johan Øveraas, Vestnes

Melding om val i lokallaget

Vi manglar framleis nokre meldingsskjema om val i lokallaget. Skjema ligg på heimesida

<http://www.bondelaget.no/moreogromsdal> Sjå mappa "Informasjon til lokallaga" og deretter "Skjemaer/Påmeldingar". **Returner skjema snarast etter konstituering av styret.**

I mappa "Nytt frå lokallaga" er det lagt ut oversikt over val av styremedlemmer i lokale Bondelag for 2011/2012 som er gjort på årsmøta hausten 2011.

«Aktive Lokallagsmidlar» i 2011

I samband med Aktivt Lokallagsmidlar har styret og sekretariatet gått gjennom søknader, sett på og lese alle årsmeldingar, rekneskap, osv. Vi er imponert og glade for det gode arbeidet som vert gjort i lokallaga. Styret har no fordelt pengane og **midlane blir overført lokallaga sin konto snarast. Det var ein føresetnad for tildeling at laget hadde søkt. Fordelingslista er vedlagt.**

Landbruksmeldinga

Norges Bondelag sender no før jul ut høyringsbrev direkte til lokallaga. Slik opplegget er skissert for handsaming i Stortinget, vert det knappe tidsfristar for Bondelaget m.o.t. høyring og uttalar.

Næringskomiteen på Stortinget har høyringsmøte med organisasjonar allereie 6. januar. (Norges Bondelag deltek her). Næringskomiteen vil avgi innstilling før påske, d.v.s før 1. april, slik at den nye meldinga ligg til grunn for jordbruksforhandlingane 2012.

Tidsfristar og datoar i Bondelaget:

- Ekstraordinært representantskapsmøte i Norges Bondelag 22. februar for å behandle meldinga.
- Styret i Norges Bondelag har møte 15. februar, og må behandle innstilling til representantskapet.
- Høyringsfrist til fylkeslaga er 3. februar.

M&R Bondelag drøfter Landbruksmeldinga på styremøte onsdag 26. januar. **Lokale Bondelag som vil kome med innspel om Landbruksmeldinga, sender dette til fylkeslaget innan fredag 20. januar.** Fylkeslaget sin uttale og uttalar frå lokallaga vert sendt vidare til Norges Bondelag innan fristen 3. februar.

Rapportering av gjennomførte kurs

Lokallag som har hatt kurs gjennom Bygdefolkets Studieforbund, men som ikkje har rapportert gjennomføringa av kurset, må gjera dette snarast. Det betyr at utfylt rapportskjema og deltakar-/frammøteliste skal sendast til Bygdefolkets Studieforbund. Det blir ikkje utbetalt tilskot utan at nevnte lister er korrekt fylt ut og innsendt, og kurset for øvrig er gjennomført i samsvar med krav.

Medlemsverving

Vedlagt medlemsoversikt pr. 16. desember 2011. Vi har no fleire utmeldte enn innmeldte. Sjølv med heile 116 nye medlemmer i år, er det diverre fleire som går ut. Takk til alle som har gjort ein god innsats med medlemsverving. Men vi er viss på at vi har mykje meir å gå på.

Norges Bondelag vil også komande år prioritere arbeidet med verving og medlemskontakt. Vi har stort medlemspotensiale – i overkant av 50 prosent av alle bønder i M&R er medlemmer i Bondelaget. I nokre kommunar er rundt 90 prosent av alle bønder medlemmer i Bondelaget. Lokallag og einskildpersonar som har gått inn for oppgåva, har vist at det er lett å verve nye medlemmer. Noko av det viktigaste er å spørje folk om dei vil bli med i Bondelaget.

Adresser - telefon - e-post - mobil

Ajourført telefon- og adresseliste i fylkeslaget og lokallaga så langt som vi har fått melding om er lagt ut på vår heimeside <http://www.bondelaget.no/adresse-og-telefonlister/category2588.html>

Lista vert oppdatert fortløpande, så ikkje nøl med å sende inn/varsle frå om endringar om det er noko som manglar/er feil på lista. Ved høve har vi behov for å vere raskt ute med informasjon og då tenkjer vi særleg ved bruk av e-post. Har du e-post adresse som du ønskjer vi kan registrere, ta kontakt med fylkeskontoret. Dette gjeld også medlemmer i lokallagsstyret som har e-post. Skifte av e-post adresse må også varslast, da vi frå tid til annan får feilmelding. Send adresse melding til more.romsdal@bondelaget.no

Arrangørar og vertskap til Open Gard i 2012

Lokallaga bør alt no vurderer om det er aktuelt å arrangere Open Gard i 2012. Det er viktig å få avgjort kven som skal vere vertskap så tidleg som muleg. I 2011 var det Open Gard følgjande seks stader: Skjåstaddalen i Ørsta, Austefjorden i Volda, Sykkylven, Tingvoll, Smøla og Todalen i Surnadal. For 2012 bør det vere eit mål å få til minst like mange arrangement. Lokallaga må gjerne samarbeide om gjennomføring. **Anbefalt dato for Open Gard er søndag 26. august 2012.** Frist for påmelding er sett til 15.april.

Vi vil takke dykk som sentrale tillitsfolk i Norges Bondelag for innsatsen og godt samarbeid!

Vi ønskjer deg og din familie God Jul og Godt Nytt År !

Med vennleg helsing

*Inge Martin Karlsvik (leiar) Birgit Oline Kjerstad (nestleiar)
Anne Katrine Jensen Hans Fraffjord Arne Rekkedal Erik Olufsen (1. vara)*

*Anne Turid Myrbostad (førstekons) Atle Frantzen (førstekons)
Arild Erlien (rådgjevar) Arnar Lyche (org sjef)*